



Mange vil nok ha glede av å besøka utstillinga til Stine Eide og Kjell Muslan i Galler G Guddal fram mot jul.

**Svært mange fann vegen til Galleri G Guddal si utstillingsopning i dag. Der vart dei møtt av kunstverk som formidla både kvalitet og humor. Det er også tydeleg at dei to kunstnarane, Stine Eide frå Voss og lokale Kjell Musland frå Uskedalen og Seimsfoss, må vera tolmodige sjeler når dei arbeider med kunsten, for det er atskilige timar og årsverk som ligg bak det flotte som vart presentert.**



Svært mykje folk på opninga.



Flott start med dei dyktige musikarane Andreas Bjørsvik og Eirik Brakestad.

Musikarane Andreas Bjørsvik og Eirik Brakestad frå Valen drog det heile i gang med tre nydelege nummer med flott gitarspel og god tostemt song. Etter å ha starta med Bruce Springsteen sin 'I'm on fire', fortsette dei med Mark Knopfler før dei avslutta med Elvis-klasikaren 'In the Ghetto'. Herleg musikk og ei herleg opning.

Deretter fekk kunstnarane ordet. Stine Eide var først, og interessant var det å høyra om den svært tidkrevjande teknikken ho brukar. Det skjønar vi godt, for kunstverka kan nærast sjå ut som fotografi, men det er faktisk blyantteikningar. Dei første var reine blyantteikningar, men seinare hadde ho i tillegg bruka litt tekstil. Alle orginalteikningane er selde. Dei som er i Galleri G Guddal er trykt som giclee-trykk, men antalet på kvar kunstverk er ikkje over 40.

Stine Eide sine bilde innhold mykje av både nostalgi og humor. Titlane på kunstverka, som er forma som små vers, understrekar snerten i humoren. Dei er ein viktig del av kunstverka.



Turi Løvik Kirknes frå Valen, modell for damene i bilda på veggen bak ho.

Artig var det også at jenta som var modell for damene på dei tidlege kunstverka, var til stades på opninga. Det er valejenta Turi Løvik Kirknes, venninne av Stine, som no er busett i London, og er etablert som fotokunstnar der.

Kjell Musland sa at det var ei stor ære å få delta på utstilling hos Gøril. Men så hadde arbeida hans med kniven kosta både tid, blod, sveitte og turar til fastlegen. Som den rimsmeden han er, sa han fram opningsorda sine på rim, og det gjev vi att i sin heilhet som eiga sak her på sida.



Kjell med klokkaren og presten.

Kjell Musland hadde med ca.130 skulpturar på utstillinga. Her var ulike typar både menn og kvinner og fleire gjekk rundt og lurte på om han kunne ha brukt dei til modell. Her var dyr og mange artige skapningar, og så passar det godt at det var eit rikt utval av ulike nissevariantar no i førjulstida. Alt i ei humoristisk framtoning.

Utstillinga skal stå til 17.desember. Galleriet har no ope laurdagar og søndagar frå kl.11 til 16. Eg anbefaler alle å ta turen. Ta dåke god tid, og husk å studera tittelversa på bilda til Stine Eide.



Odd Mørstad, Helga Fossheim og Ester Mørstad kosa seg på utstilling



Åshild Sjøwall, Arnhild Myklebust og Knut Sjøwall likte kunsten som var utstilt.



Mange artige skulpturar.



Eine nissegubbe.



Då batteriet døyde  
såg du  
at du var åleine

Når batteriet døydde, såg du at du var åleine.



Dagane  
kom og gjekk  
i det opne kontorlandskapet

Dagane kom og gjekk i det opne kontorlandskapet. Tekst,

foto og nett: Thor Inge Døssland



Stine Eide er ein framifrå blyantkunstnar.